



HAUGE FORSKALING AS  
Husnes Industriområde 91

5460 HUSNES

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Synneve Skei	901 46 818	2024/629-20		11.09.2025

Viser til vedtak om pålegg om opprydding på eigedom 143/156 med fleire i Onarheimsvegen, der det i same brev vart varsla om tvangsmulkt.

**Kvinnherad kommune har vedteke å bruke tvangsmulkt for å sikre at du ryddar opp i forsøpling på eigedomen 143/156 med fleire i Onarheimsvegen. Dette brevet inneheld informasjon om kva det inneber.**

#### Bakgrunn for tvangsmulka

I pålegget varsla kommunen at du ville få ei tvangsmulkt dersom du ikkje held fristen for å rydde opp. Fristen var 05.07.25. Vi har ikkje fått tilbakemelding frå deg at ryddinga er ferdigstilt, og heller ikkje dokumentasjon på at gjenstandane er levert til godkjent renovasjonsmottak innan fristen.

Vi går derfor vidare med saka der eit vedtak om tvangsmulkt vert iverksett. Som eit av verkemidla i forurl. for å få gjennomført gitte pålegg, er det i forurl. § 73 gitt heimel for ilegging av tvangsmulkt. Forurl. § 73 fyrste ledd har følgjande ordlyd: *For å sikre at bestemmelsene i denne lov eller vedtak i medhold av loven blir gjennomført, kan forurensningsmyndigheten fatte vedtak om tvangsmulkt til staten.*

#### Vedtaket om tvangsmulkt

Vedtaket vil gå ut på at du må betale ei eingongsmulkt på kr. 25.000. Sidan ikkje forsøplinga vart fjerna innan 07.07.2025, må du også betale ei løypande dagmulkt på kr. 1.000. Dagmulkta løyper heilt til alt av gjenstandar er rydda og fjerna, og ei skriftleg stadfesting vert sendt inn til kommunen om at dette er gjort.

Storleiken på tvangsmulka er fastsett ut frå fare for forureining og forsøpling og behov for snarleg fjerning.

**Frist for utføring vil vera snarast og innan 15.oktober 2025.**

**Vi gjentek kva du må gjera:**

- Rydde opp og fjerne alt av avfall og gjenstandar som står på kommune si festegrund, ved å frakte det til godkjent renovasjonsfirma for handtering av denne type avfall.
- Sende oss ei skriftleg tilbakemelding til [post@kvinnherad.kommune.no](mailto:post@kvinnherad.kommune.no) innan fristen med opplysningar om at du har rydda opp og at gjenstandane er disponert på lovleg måte.
  - Når alt er fjerna: leggje ved ein kopi av kvitteringa for at du har levert avfallet til eit godkjent renovasjonsmottak.

### Kven krev inn tvangsmulka?

Det er Statens innkrevjingsentral som krev inn tvangsmulka på vegne av kommunen. Om du ikkje betaler frivillig, kan Statens innkrevjingsentral ta utleggspant (det vil seie å ta pant i ein av dykkar eigendelar) eller utleggstrekk (det vil seie ein fast del av lønna, pensjonen din eller liknande). Pengane vil verta ført over til staten.

### Klage på vedtaket

Du kan klage på vedtaket, jamfør forvaltingslova § 28. Fristen for å klage er **tre veker**. Hugs å grunngi klaga og opplys om kva endringar du ynskjer. Send klagen til [post@kvinnherad.kommune.no](mailto:post@kvinnherad.kommune.no)

### Rett til å sjå dokumenta i saka

Du har rett til å sjå alle dokumenta i saka, jamfør forvaltingslova § 18.

### Spørsmål?

Om du har spørsmål til saka, kan du ta kontakt på e-post [post@kvinnherad.kommune.no](mailto:post@kvinnherad.kommune.no)

Med helsing  
KVINNHERAD KOMMUNE

Leif Ove Mikkelsen  
Kommunedirektør

Synneve Skei  
Miljøkonsulent

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

Kopi til:

Anbjørn Høivik  
Synnøve Handeland  
Leif Ove Mikkelsen

Rosendalsvegen 10  
Rosendalsvegen 10  
Rosendalsvegen 10

Mottakarar:  
HAUGE FORSKALING AS

